

## ÅRSMELDING FOR IDRETTSSKULEN 2007.

Styret for idrettsskulen har i 2007 vore Torill Horten, Jan Storkjorren, Rolf Vegard Sandviken, Gerd Nyhus Synstnes og Bjørg Lund.

Oda Evy Øyen tek over for Torill Horten i 2008. Bjørg har og spurt Elin Bakke om å bli med i styret frå sommaren 2008, og dette har ho sagt ja til.

### Vinteren og våren 2007.

1. og 2. klasse starta med hinderløype og ballaktivitet. 3. og 4. klasse hadde aerobic og turn. Dei eldste hadde volleyball og turn. Alle gruppene hadde tilbod om turn i Skjåkhallen laurdag 17.02 kl. 12-14 med Søren og Anja som trenarar. Dette var ein vellukka dag med mykje turnglede for dei ca. 40 ungane som var med. Vi savner Anja og Søren i idrettsmiljøet i Lom.

Alle gruppene hadde skileik/skitrening i Lia i februar/mars. Mange deltok og på skirennet som skigruppa arrangerte same kveldane etter endt idrettsskule. I mars hadde dei yngste salaktivitet, 3. og 4. klasse hadde symjing og dei eldste hadde innebandy. 1.- 4.klasse avslutta med fotball og dei eldste fortsatte med innebandy.

8.mai hadde vi avslutning for alle som hadde vore med i idrettsskulen 2006/07. Avslutninga hadde vi i Presthaugen med leik, grilling og utdeling av t-skjorter.

### Hausten 2007.

Etter sommarferien starta 1.- 4. klasse med friidrett på Loarområdet to gonger og klatretårnet ein gong. 5.6. og 7. klasse var på klatretårnet to gonger og hadde friidrett ein gong. Alle gruppene hadde tre gonger med terrengløp i Presthaugen.

Etter haustferien hadde 1. og 2.klasse turn, sal- og ballaktivitet. 3. og 4.klasse hadde fire gonger med handball, tre gonger med gamaldans og to gonger med innebandy. 5. 6. og 7.kl. hadde tre gonger med volleyball, fire gonger med basket og to gonger med innefotball.

Instruktørar har vore: Tor Trønnes, Jostein Aakre, Rolf Vegard Sandviken, Oda Evy Øyen, Jeanette Schakenda, Astrid Soglo, Øyving Mork, Odd-Erik Aukrust, Jan Storkjorren, Torill Horten, Bjørg Lund, Gerd Nyhus Synstnes, Kjell Magne Lunna, Jarleif Kjørren, Elin Kirkestuen (dans), Margot Fyrn (dans), Elle og Ole Foss (spelmenn), Ole M. Risheim, Mariann S. Helstad. Vi har hatt styremøter i mai, august og desember dette året.

Vi søkte om utviklingsstøtte 2006/07, men fikk ikke midler på bakgrunn av at søknaden gjaldt barn under skulealder. Vi skreiv ein ny søknad og fekk kr. 7 500,- i støtte frå Norges idrettsforbund og olympiske komite.

Vi har ikkje hatt noko opplegg for dei under skulealder. Det har ikkje vore nokon som har teke på seg å ta ansvar for at dette tilbodet skulle vidareførast.

Dette året har det vore med i overkant av 100 ungar frå 1.-7.klasse, men antalet varierer frå gong til gong.

Lom 18.01.08

Idrettsskulen  
v/leiar Bjørg Lund

